BYGGER'N Teigen

HIBA HUS - HYTTE - GARASJE

Kvinnherad Kommune
Byggesaksavdeling
V/ Anne Rita Eriksen

**Saksnr 2022/4118**

**Viser til brev av Statsforvaltaren i Vestland 12.01.2023**

Vedlagt ligg teikningar revidert med toalettrom utan dysj

Etter gjennomgang av brevet har søkjar følgjande komentarar:

Det er søkt om dispensasjon frå plankrav (§3.9.10) og ikkje noko anna. Storleiken på toalettrommer er innanfor 2x2m² ref 3.9.6 Og difor søkjes det ikkje dispensasjon for dette.

*(Utklipp brev statsforvaltar)*

Det er søkt om dispensasjon frå plankrav (§ 3.9.10), storleik (§ 3.9.2) og storleik på toalettrom (§ 3.9.6) i kommuneplanen for oppføring av eit naust. Ein ynskjer å oppføre av naustet på eksisterande murar som vart ført opp etter eit byggjeløyve i 1994. Den gang vart ikkje naustet fullført av ulike grunnar.

Viser og til punkt der det er ein påstand at naustet ikkje er i samsvar med §3.9.2 i kommuneplanen. Dette er korrekt, men naustet er prosjektert i henhold til §3.9.3 då det ligg i eit eksisterande naustmiljø og ikkje er eit naust i nye byggjeområde.

*(Utklipp ifrå søknad 08.05.2022)*

. No er naustet teikna og prosjektert etter Kommuneplan 2018 3.9.3

*(Utklipp brev statsforvaltar).*

Naustet er ikkje i samsvar med norm for naust i føresegn § 3.9.2 i kommuneplanen: «Naust i nye byggeområde skal vere inntil 40 m2 BRA, med ein etasje og ei mønehøgd på maks 5,0 meter frå naustgolv (jf. pbl. § 11-9 nr. 5 og 6)». Vi viser i denne samanheng òg til Regional kystsoneplan for

Sunnhordland og ytre Hardanger § 2.37: «Naustbygg skal vere maks. 40 kvm, vere maks 1 etasje, ha maksimal mønehøgd 5,0 m over lågaste terreng under bygget. Naust skal ha ei utforming som samsvarar med bruken.» Det vil vere uheldig å gje dispensasjon til naust som er større enn det kommuneplanen og Kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger opnar for.

TEIGEN BYGG & TRELAST AS
w w w . h i b a h u s . n o

Besøksadr: Opsangervegen 18
Postadr: 5460 Husnes

Telefon: 53 47 59 10
Telefax: 53 47 11 18

Bankgiro:
Org.nr.: NO 965 309 381 MVA

*(Utklipp kommuneplan 2018 som er gjeldane for området)*

**3.9. Andre typar bygningar og anlegg – naust**

3.9.1. I område for andre typar bygningar og anlegg – naust kan det etablerast naust (jf. pbl. § 11-9 nr. 5). Naust er uthus til oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap.

3.9.2. Naust i nye byggeområde skal vere inntil 40 $m^2$ BRA, med ein etasje og ei mønehøgd på maks 5,0 meter frå naustgolv (jf. pbl. § 11-9 nr. 5 og 6).

3.9.3. Naust innan eksisterande naustmiljø skal kunne tilpassast dette når det er naudsynt av estetiske grunnar. I naustmiljø med mindre naust, må nausta tilpassast til dei næraste nausta. Der dei næraste nausta er større, kan det opnast for eit avvik i storleik og høgde inntil 20 % (av 40 $m^2$ BRA og 5 m høgd) (jf. pbl. § 11-9 nr. 5 og 6).

3.9.4. Ved bygging av naust skal tradisjonell byggeskikk i området takast omsyn til ved utforming, fargeval og materialbruk. Balkongar eller annan ytre staffasje, samt gjerde er ikkje tillate. Gjerde, levegg eller stengsel er ikkje tillate (jf. pbl. § 11-10 nr. 2).

3.9.5. Det er ikkje tillate å innreia eller nytta naust til varig opphald (jf. pbl. § 11-10 nr. 2).

3.9.6. Det kan leggjast til rette for toalettrom i naust på 2x2 $m^2$, føresett godkjent utsleppsløyve (jf. pbl. § 11-9 nr. 5).

3.9.7. Ved bygging av fleire naust i rekkje, skal det leggjast vekt på tilpassing til kvarandre med omsyn til terreng- og landskapstilpassing, takutforming og farge. Det skal tilstrevast å skape eit

*Utklipp av kommuneplan 2018 som viser at området er nåverande/eksisterande og ikkje nye byggjeområde*




**Arealformål**

| | |
|---|---|
| Arealbruk | Andre typer bebyggelse og anlegg |
| Arealbrukstatus | Nåværende |
| Områdenavn | Na-06-01 |
| Planidentifikasjon | 20140002 |
| Vis i kart | Planregister |

Dispensjonsøknaden gjelder kun for 3.9.10
Tiltaket er etter vårt skjønn godt innanfor regelverket for 3.9.3. i kommuneplanen

Håpar dette er avklarande og løyve kan gies.

Teigen Bygg & Trelast AS

Iver Andreas Blokkum